





# Årsmelding og rekneskap 2007



← Foto Ivar Ødegård, NATF



# Innhold

Kapittel 1, Arbeidet i perioden	side 3
Kapittel 2, Organisasjon	side 6
Kapittel 3, Drift og administrasjon	side 8
Kapittel 4, Studieaktiviteten	side 10
Kapittel 5, Utviklingsarbeid	side 14
Kapittel 6, Prosjekt	side 16
Balanse	side 19
Resultatrekneskap	side 20
Revisjonsmelding	side 22

## Kapittel 1: Arbeidet i perioden

Statsbudsjettet for 2007 gav langt større grunn for optimisme enn 2006 budsjettet. Dette medverka til at det vart ei lita auke i studietimetalet. Auken var likevel ikkje så stor som venta, og det er langt att til nivået i 2005.

Arbeidet i Tronutvalet og det vidare arbeidet med utredninga etter at den vart framlagt, har prega FOLK sitt arbeid i år. Dagleg leiar Kjærsti Gangsø har delteke i utvalet som har lagt fram rapporten om studieforbunda si framtid. Rapporten opnar for at studieforbunda skal halde fram med å ha ei viktig rolle i vaksenopplæringa, men ser det og som naudsynt med endringar og fornying i lovar og regler.

*Bunadopplæringa* starta hausten 2007. Interesse for den modulbaserte opplæringa har vore svært god, og fleire av modulane har gått med to eller fleire parallelle kurs.

Arbeidet med kurs i fengsel har fått god fart etter at ein studiekonsulent vart tilsett med dette arbeidet som hovudoppgåve. FOLK har ved årskiftet, kontakt med fleire nye fengsel, og kursverksemd er starta i nokon og planlagt i andre.

FOLK har i 2007 arbeidd med å systematisera og kvalitetssikra kurslæropplæring og medarbeidaropplæring. Eit kurs for kurslærarar vart arrangert hausten 2007, og arbeidet med å lage faste opplegg for slike kurs starta opp. Planlegginga skjer i nært samarbeid med Norges Husflidslag og Trine Thommessen som er fagleg ansvarleg for kursa.



### Kvalitet i opplæringa

*Folkekulturforbundet seier i visjonen sin at det skal vere mogleg for alle som bur i Noreg å bli kjende med og lære folkelege kulturuttrykk. For å nå dette målet må opplæring som går føre seg ha kvalitet og bredde. Både geografisk bredde, opplæring på ulike nivå og innfor eit mangfald av uttrykk, både tradisjonelle og eksperimentelle.*

Strategien med å sikre den kostnadskrevjande kursverksemda – kurs med lærar, heldt fram også i 2007. Styret i FOLK vedtok å halde på 70 – kroner per time for kurs med lærar, og tilskotet for studieringar utan lærar vart sett til 15 – kroner.

Den dramatiska kurslærarsituasjonen som særskilt pregar handverksfaga, gjorde at FOLK saman med NH starta planlegging av systematisk medarbeidar-/ kurslæropplæring. FOLK arrangerte kurslærarkurs hausten 2007. Kurset er ledd i eit større arbeid for å skaffe fleire godt kvalifiserte kurslærarar.

Arbeidet med å lage eit fastare opplegg for medarbeidaropplæring og ei betre planlegging av kor og korleis FOLK skal bruke ressursane til medarbeidaropplæring, starta hausten 2007.

Kontakten med fylkesledda vart betra i 2007. Ei systematisk oppfølging med telefonar og besøk hos fleire av dei har betra kontakten og skaffa administrasjonen i Vågå betre oversikt over tilhøva. Ein av konklusjonane i Tron-utvalet opnar for ei meir aktiv rolle for studieforbunda på fylkes-/regionnivå.



### Forsking og dokumentasjon

*Folkekulturforbundet set kvalitet i sentrum og er opptatt av å utvikle og gjennomføre god opplæring. For å lukkast må vi som fellesskap ha kunnskap og kompetanse både om fagområda vi arbeidar med, og kva rolle opplæringa spelar for den einskilde deltakar og for organisasjonane sitt fagmiljø.*

Arbeidet med NOU 2007:11 Studieforbund - læring for livet og arbeidet etter at utredninga var lagt fram, har skaffa nye kontaktar og gjort oss meir synleg i kultur og utdanningsbiletet.

Noregs Ungdomslag tok saman med Norsk musikkråd og Norges Musikkorps Forbund initiativ til ei utgreiing om kva kunnskap ein har om friviljug kulturarbeid og lokal kultursatsing. Åse Vigdis Festervoll laga på oppdrag frå ni kulturorganisasjonar ei utgreiing om problemstillinga. Resultatet ligg føre i rapporten "Mytenes sannhet og sannhetens myter".

FOLK arbeidde saman med fem andre studieforbund med det såkalla Frikomp-prosjektet. Frikirkelig studieforbund tok initiativ til eit felles prosjekt, der man arbeider med grunnleggande kompetanse for friviljug arbeid, med fokus på leiing av friviljuge organisasjonar og utøving av friviljug arbeid. Arbeidet syner at dei fem områda som skil seg ut når det gjeld trongen til meir opplæring er informasjons- og mediearbeid, rekruttering av medlemmar og friviljuge, inntektsbringande arbeid, endringsprosessar/nytenking/motivasjon og styrearbeid.

### Samarbeid/nettverksbygging

*Folkekulturforbundet seier i sin verksemdsside at målet er å leggje til rette for folkeopplysning og vaksenopplæring i medlemsorganisasjonane. Å styrke opplæringsarbeidet i den einskilde medlemsorganisasjon er ei føresetnad for denne ideen. Samarbeid med andre aktørar og nettverksbygging både mellom eigne organisasjonar og andre er ein viktig arbeidsmetode,*

Leonardo da Vinci-prosjektet From Head to Toe vart avslutta. Ei nettside vil vere tilgjengelig i minst to år framover. Dei forskjellige partnarane har utvikla kvar sine hefte om "sitt" fag. Desse er trykt opp og lagt tilgjengelig på nettsidene.

Internt har FOLK tatt i bruk kommunikasjonsplanen og nye nettsider. Nettsidene har blitt mykje betre, og har fått gode attendemeldingar frå brukarane. Blant anna har kursstatistikken blitt tilgjengeleg på nettsidene. Arbeidet med å forbetre nettstaden held fram kontinuerlig.



## Utviklingsarbeid

*Når målet er kvalitet i opplæringa er det nødvendig med eit kontinuerlig fokus på utvikling. Dette gjeld nye uttrykk, nye tilbod og stadig utbetring/utvikling av eksisterande opplæring. Utviklingsarbeidet skal ha i seg både faglege og metodiske element.*

Arbeidet med kurs i fengsel fekk eit nytt løft ved at ei 50% stilling i administrasjonen vart knytt til dette arbeidet. Fleire fengsel har kome i gang med kurs eller er i startgropa til å kome i gang. Arbeidet blir for ein stor del organisert direkte frå FOLK sin administrasjon. Men det er likevel kontakt med lokale kursarrangørar der dei aktuelle fengsla er lokalisert. Også i 2007 fekk FOLK stønad frå Justisdepartementet til dette arbeidet.

Eit viktig steg for betre opplæring i bunadtilverking vart teke då *Bunadopplæringa* starta hausten 2007. Den modulbasert opplæringa har fått sær god mottaking og fleire av modulane har operert med venteliste for deltakarar.

Prosjektet "Forvaltning og formidling, kulturminne 2006 – 2008" heldt fram. Prosjektet er eit samarbeid mellom FOLK, Forbundet Kysten og Fortidsminneforeningen og handlar om opplæring i lokal kulturforvaltning.

## Kapittel 2

# Organisasjon

### Medlemmer

DIS-Norge  
Forbundet Kysten (FK)  
Hålogaland Amatørteaterselskap (HATS)  
Kringkastingsringen  
Landslaget for lokalhistorie (LLH)  
Noregs Mållag (NM)  
Noregs Ungdomslag (NU)  
Norges Husflidslag (NH)  
Norsk Amatørteaterforbund (NATF)  
Norsk Kulturarv (NK)  
Norsk Målungdom (NM)  
Norsk Quilteforbund (NQF)

### Samarbeidsavtaler

Norsk forening for kulturhistorisk sverdfekting (NFKS)  
Båtlaget Braute  
Fortidsminneforeningen  
Landslaget for lokalhistorie i skolen (LLS)  
Landslaget for nærmiljøskolen (LUFSS)  
Norges Museumsforbund  
Norsk forening for fartøyvern (NFF)  
Norsk selskap for fotografi (NSFF)  
Organisasjon for scenekjempere i Norge (OfScen)  
Rosegården Teaterhus  
Vestnorsk kulturakademi (VKA)  
Vestlandske Teatersenter (VT)  
Samenes Folkeforbund (SFF)

### Styret 01.01.2007 – 22.05.2007

Marit Jacobsen (NU) leiar  
Tore Friis-Olsen (FK) nestleiar  
Grete Seppola (NH) styremedlem  
Trine Kahrs (NH) styremedlem  
Johanne Kjelsberg (HATS) styremedlem  
Fredrik Glorvigen (NATF) 1. varamedlem  
Hallvard Julseth (NU) 2. varamedlem  
Siri Nepås (HATS) 3. varamedlem

### Styret 22.05.2007 – 31.12.2007

Marit Jacobsen (NU) leiar  
Tore Friis-Olsen (FK) nestleiar  
Grete Seppola (NH) styremedlem  
Solveig Torgersen Grinder (NH) styremedlem  
Johanne Kjelsberg (HATS) styremedlem  
Helen Hansen (NATF) 1. varamedlem  
Hallvard Julseth (NU) 2. varamedlem  
Grete Horntvedt (NK) 3. varamedlem

Styret har hatt fem styremøte og behandla 35 saker.

### Årsmøtet 22.05.2007

Årsmøtet vart også dette året halde i lokala til Forbundet Kysten på Akershus kai i Oslo. Det møtte representantar frå åtte av medlemsorganisasjonane, fire frå styret og fire frå kontoret.

Årsmøtet behandla desse sakene:

Opning og konstituering  
Årsmelding 2006  
Revidert rekneskap 2006  
Strategi og verksemdsplan 2006-2008 (tiltak 2008)  
Budsjett for 2008  
Søknad om medlemskap  
Val

FOLK sitt tiårsjubileum vart markert med eit miniseminar i samband med årsmøtet.

## Vofo

FOLK er medlem i Voksenopplæringsforbundet som er interesseorganisasjonen til studieforbunda. Hallvard Julseth (NU) har vore styremedlem i VOFO i 2007 og Kjærsti Gangsø har vore med i valnemnda.

## Reisestipend

Desse fekk reisestipend frå Voksenopplæringsforbundet i 2007:  
Tove Gulsvik (NH) for deltaking på Nordisk konferanse om husflid på Island.

Solveig Orstad Teigen (NH) for konferanse om strikking i Finland.

Tonje Falk (NH) for å studere broderi i Japan.

Steinar Moldal (NK) for deltaking i program for utveksling av elever/lærlingar i Tyskland.

Karin Buberg (FK) for seminar om maritimt kulturminnevern i Sverige.



## Fylkesledd

<b>Østfold</b>	Kari Filberg	Norges Husflidslag
<b>Akershus</b>	Liv Lønskog	Norges Husflidslag
<b>Oslo</b>	Trine Kahrs	Norges Husflidslag
<b>Hedmark</b>	Eva Mckenna	Norges Husflidslag
<b>Oppland</b>	Anne Silje Berg	FOLK
<b>Buskerud</b>	Björg Mathisen	Norges Husflidslag
<b>Vestfold</b>	Eirin Martinsen	Noregs Ungdomslag
<b>Telemark</b>	Knut Olsen	Norges Ungdomslag
<b>Aust-Agder</b>	Bente H. Lyding	Norges Husflidslag
<b>Vest-Agder</b>	Kari Mysen	Norges Ungdomslag
<b>Rogaland</b>	Anne Liv Tønnesen	Norges Husflidslag
<b>Hordaland</b>	Toril F. Velure	Norges Husflidslag
<b>Sogn og Fjordane</b>	Arve Jarle Hornnes	Norges Ungdomslag
<b>Møre og Romsdal</b>	Harald Ormbostad	Norges Ungdomslag
<b>Sør-Trøndelag</b>	Ivar Dybvik	Norges Husflidslag
<b>Nord-Trøndelag</b>	Arnt Stavset	Norges Mållag
<b>Nordland</b>	Anita A. Rong	Norges Husflidslag
<b>Troms</b>	Torgunn Andreassen	Norges Husflidslag
<b>Finmark</b>	Svein Thomassen	Noregs Ungdomslag

## Kapittel 3

# Drift og administrasjon

### Lokalisering

Kontoret har adresse Vågå Næringshage, 2680 Vågå

### Personale

I 2007 var desse tilsett i Folkekulturforbundet  
Kjærsti Gangsø, dagleg leiar  
Mette Vårdal, konsulent. (Svangerskapspermisjon)  
Tone Heskestad, kontor  
Björg Schultz, konsulent  
Björg Aaseng Vole, konsulent .  
Anne Silje Berg, konsulent  
Linda Aaboen, konsulent frå 13.august 2007

Sum årsverk er 4,7

Trine Thommessen og Tore Friis Olsen har vore knytt til FOLK som prosjektleiar.

### Arbeidsoppgåver

FOLK har ansvar for handsaming av søknader og utbetaling av vaksenopplæringstilskot for studieverksemd i medlemsorganisasjonane. Opplæring om kursverksemd og tilskotsreglar er og ei viktig oppgåve, saman med tilrettelegging for at lokale kursarrangørar kan arrangere fleire kurs. I tillegg er FOLK involvert i fleire utviklingsprosjekt. Eit arbeidsfelt som blir stadig viktigare er lobbyverksemd mot politikare og byråkratar for å få betre rammevilkår for opplæring i friviljuge organisasjonar.

### Informasjon og materiell

I 2007 laga FOLK eit jubileumshefte i samband med at studieforbundet runda 10 år. Heftet inneheld historier som fortel om korleis studietiltak i medlemsorganisasjonane medverkar til å halde folkekulturen levande.

FOLK gav også ut fleire informasjonsbrosjyrar om verksemda generelt og om enkeltemne som for eksempel *Bunadopplæringa* og studia. Det meste av informasjonen kan lastas ned frå nettsida.

Nettsida til FOLK er i kontinuerlig utvikling. Den fekk ny utsjånad og nytt innhald på starten av året . Attendemeldingar tyder på at nettsida er eit viktig hjelpemiddel for dei som søker informasjon om vaksenopplæring. Samstundes er kontoret tilgjengelig for dei som ønskjer kontakt på telefon eller skriftleg.

### Reise

FOLK prøver å oppfylle medlemsorganisasjonane sine ønskje om å vera til stades på arrangement, så langt det er høve til. I 2007 var FOLK til stades på 11 forskjellige medarbeidersamlingar arrangert av medlemsorganisasjonar eller av FOLK sjølve.



## Kontrollverksemd

FOLK forvaltar eit statstilskot på vegne av medlemsorganisasjonane. Lov om vaksenoppl ring ligg til grunn for tilskotet. FOLK plikter   sj  til at tilskotet blir nytta i tr d med form let. Kunnskapsdepartementet sin revisjonsinstruks stiller krav til korleis kontrollen skal utf rast. Stikkpr vekontrollar blir jamleg gjennomf rd for   sj  til at alt g r rett f re seg. I 2007 vart 36 lag tatt ut i internkontroll. Desse laga var:

Fr  NH:

And y Husflidslag, Br nn y Husflidslag, Bykle Husflidslag, Drammen Husflidsforening, Fron Husflidslag, Furnes Husflidslag, Grende Husflidslag, Halden Husflidslag, H land Husflidslag, Larvik Husflidslag, L renskog Husflidslag, Nannestad Husflidslag, Oslo Fylkeshusflidslag, R ros Husflidslag, Sauda Husflidslag, Skedsmo Husflidslag, Soknedal Husflidslag, Svithun Husflidslag, Troms  Husflidslag, Ullensaker Husflidslag.

Fr  NU:

Bondeungdomslaget i Troms , Fana Ungdomslag, Fiane Ungdomslag, Haugesund M llag og Ungdomslag, Noregs Ungdomslag, Sotra Folkedanslag, Telemark Ungdomslag, Tunsberg Leikarring, Ungdomslaget Ogn .

Fr  HATS:

Mo Ungdomsteater, Troms  Barne- og ungdomsteater.

Fr  NATF:

Amat rteateret Fantasia, Skansespillet p  Romerike.

Fr  NQF:

Sy-sammen.

Fr  FK:

Tysnes Kystlag,  ksnes Kystlag.



## Kapittel 4

# Studieaktiviteten

### Statleg tilskot

Tilskot frå Utdannings- og forskingsdepartementet:

2005	2006	2007
9.071.000	7.471.200	9.165.489

### Tilskot til medlemsorganisasjonane

I tillegg til timetilskotet til kvart kurs, overfører FOLK noko av det statlege tilskotet direkte til medlemsorganisasjonane. Gjennomsnittleg studietimetale dei siste tre åra avgjer kor stor del av denne potten kvar organisasjon får.

Generelt tilskot til kompetanseheving:

Norges Husflidslag	406.000
Norges Ungdomslag	176.000
Hålogaland amatørteaterselskap	87.000
Forbundet KYSTEN	21.000
Norsk Amatørteaterforbund	39.000
Norsk Kulturarv	11.000
<b>Sum</b>	<b>740.000</b>

Det er berre medlemsorganisasjonar som får tilskot til kompetanseheving. Medlemsorganisasjonar som har mindre enn 1% av den totale kursverksemda får ikkje tilskot



foto: Martin Rydningen, HATS

## Studietimar fordelt på organisasjonane

	2005	2006	2007
Båtlaget Braute	379	418	347
DIS-Norge	101	96	63
Forbundet Kysten	3.187	2.683	2.429
Folkekulturforbundet	618	550	742
Hålogaland Amatørteaterselskap	8.202	4.966	6.059
Landslaget for lokalhistorie	71	87	53
Landslaget for lokalhistorie i skolen	34	28	0
Norsk Amatørteaterforbund	5.161	6.007	5.463
Norsk Forening for Kulturhistorisk Sverdfekting	13	64	58
Norges Husflidslag	56.161	44.641	46.256
Norsk Kulturarv	1.507	1.296	1.109
Noregs Mållag	193	181	444
Norges museumsforbund	578	380	332
Norsk Målungdom	25	24	24
Norges quilteforbund	879	570	671
Norsk Selskap for Fotografi	247	120	359
Noregs Ungdomslag	24.559	20.585	21.520
Organisasjon for Scenekjempere i Norge	32	152	0
Rosegården Teatersenter	0	0	130
Vestnorsk Kulturakademi	1.055	1.089	967
Vestlandske teatersenter	220	362	267
<b>Sum</b>	<b>103.222</b>	<b>84.326</b>	<b>87.391</b>

I tabellen ser vi at talet på studietimar for 2007 har teke seg noko opp etter at det som følgje av kuttet på statsbudsjettet gjekk ned i 2006. Vi har likevel eit stykke att før vi når opp mot tala frå 2005.

Auken i timar er hovudsakleg knytt til studietimar utan lærar. Talet på timar utan lærar var i 2006 13.586 medan det i 2007 hadde auka til 17.802. Timar med lærar har derimot hatt ein nedgang frå 70.740 i 2006 til 69.589 timar i 2007. HATS har hatt ein god auke i talet på studietimar frå 4.966 i 2006 til 6.059 i 2007. Dei to største organisasjonane NU og NH kan også vise til ein liten oppgang. NU har ein auke i talet på timar utan lærar frå 711 til 1478 medan dei har nedgang i talet på timar med lærar.



## Fylkesstatistikk

Fylke	Timar 2005	Timar 2006	2007		
			Timar 2007	Kurs	Deltakarar
Østfold	2.872	2.734	3.060	123	955
Akershus	12.496	10.932	11.645	413	2.970
Oslo	3.626	3.396	3.430	118	1.036
Hedmark	5.787	5.120	4.420	158	1.203
Oppland	6.119	5.987	5.298	161	1.323
Buskerud	2.818	1.838	2.724	98	684
Vestfold	4.136	4.102	4.213	138	1.028
Telemark	1.457	1.536	1.810	57	624
Aust-Agder	4.057	3.199	2.988	95	783
Vest-Agder	3.262	2.597	3.250	113	1.095
Rogaland	5.936	4.106	4.704	204	1.579
Hordaland	8.453	7.452	6.995	215	1.920
Sogn og Fjordane	3.656	3.007	2.265	91	868
Møre og Romsdal	5.802	4.663	4.450	142	1.289
Sør-Trøndelag	4.927	4.592	4.352	120	930
Nord-Trøndelag	3.698	3.235	3.028	95	682
Nordland	10.572	7.504	8.900	256	2.167
Troms	10.634	7.881	9.066	274	2.259
Finnmark	1.204	460	793	22	176
<b>SUM</b>	<b>103.222</b>	<b>84.326</b>	<b>87.391</b>	<b>2.893</b>	<b>23.571</b>

## Emnestatistikk

Emne	2007					
	Kurs		Deltakarar		Timar	
Tekstil	1.290	44,6 %	8888	37,7 %	35.069	40 %
Teater	398	14 %	3530	15 %	20.458	23,4 %
Tre	289	10 %	2080	9 %	8.751	10 %
Folkedans	307	10,6 %	4352	18,5 %	8.018	9 %
Tegning/maling	92	3,2 %	617	2,6 %	2214	2,5 %
Husstell	78	2,7 %	536	2,3 %	1508	1,7 %
Organisasjon	21	0,7 %	221	1 %	346	0,4 %

Emne	Timar 2005		Timar 2006		Timar 2007	
Tekstil	41.609	40 %	33.738	40 %	35.069	40 %
Teater	22.960	22 %	19.231	23 %	20.458	23,4 %
Tre	11.445	11 %	9.224	11 %	8.751	10 %
Folkedans	8.928	9 %	8.241	10 %	8.018	9 %
Teikning/måling	3.694	4 %	2.608	3 %	2214	2,5 %
Husstell	1.180	1,1 %	1.318	1,6 %	1508	1,7 %
Organisasjon	937	0,9 %	344	0,4 %	346	0,4 %

Tabellen ovanfor viser at prosentsatsen fordelt på emne frå dei siste tre åra er stabile. Det er ein liten nedgang i kursemna tre, folkedans og teikning/måling, medan teater har gått litt opp samanlikna med 2006. Tekstil er framleis emnet som peikar seg ut som det klart største etterfølgte av teater, tre og folkedans.

## Særlege målgrupper

	§24 tilskudd	Kurs	Deltakere	Timer
<b>Delt etter organisasjon</b>				
Folkekulturforbundet	120.868	15	104	273
Norges Husflidslag	38.667	8	40	214
Norges Ungdomslag	70.817	8	122	277
<b>Delt etter fylke</b>				
Østfold	10.030	2	10	32
Akershus	6.950	1	5	15
Oslo	26.450	3	20	180
Oppland	8.660	1	6	12
Aust-Agder	8.807	2	7	36
Vest-Agder	17.200	2	33	30
Rogaland	40.047	6	89	198
Nord-Trøndelag	17.730	14	98	261
<b>Sum</b>	<b>230.353</b>	<b>31</b>	<b>266</b>	<b>764</b>

Tala for kurs med tilskot for særlege målgrupper syner ein svak auke i 2007. Det meste av auken står fengselskursa for. Nokon lag har faste tiltak som inkluderer særlege målgrupper og som går over fleire år. Elles er det stabilt få kurs der denne gruppa er deltakarar.

I 2007 har FOLK halde fram arbeidet for å utvide kursverksemda i fengsel. Verksemda ved Verdal fengsel held fram, og FOLK har starta kursaktivitet ved Ullersmo fengsel og Ravneberget Kvinnefengsel. Emna det blir halde kurs i er alt frå tradisjonelle handverksfag som karveskurd og strikking til truckførarkurs og datakurs.

FOLK mottok i 2007 200.000 kroner i tilskot frå Justisdepartementet for å kunne vidareføre og auke kursverksemda i fengsel. Arbeidet med fengselskurs er tidkrevjande, og for å kunne nå målsettinga om fleire kurs i fengsel vart det hausten 2007 tilsett ein studiekonsulent i 50% stilling, for å arbeide spesielt med dette.



*Kilde til  
inspirasjon  
og kunnskap  
samhald og glede*

## Kapittel 5: Utviklingsarbeid

### Pedagogiske utviklingsmiddel

Folkekulturforbundet søker på vegne av medlemsorganisasjonar utviklingsmiddel gjennom VOX - nasjonalt senter for læring i arbeidslivet. I 2007 fekk desse organisasjonane utviklingsmiddel:

Norges Husflidslag fekk 110.000 kroner for vidareføring av prosjektet "Kvalitetssikring av kurs og tradering – husflid- og håndverksfag". Prosjektet set fokus på faga bunadtilverkar, handvevar og tredreiar, og eit av måla med prosjektet er å kunne tilby modulbaserte kurs med forankring i offentlige læreplanar, slik at man kan holde kvalitetssikra kurs innan dei nemnde fagområda. Eit anna mål er bevisstgjerung om behovet for rekruttering til handverksfaga og lærarstaben. *Bunadopplæringa* som starta hausten 2007 er eit konkret resultat av prosjektet.

FOLK fekk 100.000 kroner for vidareføring av "Forvaltning og formidling, kulturminne 2006-2008". Prosjektet har som mål å auke kunnskap og kompetanse om forvaltning og formidling av kulturminne (sjå kapittel 6).

### Studiering på høgere nivå

FOLK kan tilby opplæring på høgskule-/universitetsnivå. Det faglege innhaldet må godkjennast av eit universitet eller ein høgskule. Om kurset blir arrangert i samarbeid med høgskule-/universitet kan kurset gi formell kompetanse. FOLK/medlemsorganisasjonane kan gjennomføre kurs utan samarbeid med høgskule/universitet. Kurset gir i dei tilfella ikkje formell kompetanse. Dette kallar vi studiering på høgare nivå.

### Delemne i samarbeid med høgskuler

I samarbeid med Noregs teknisk- naturvitenskapelege universitet, Seksjon for fjernundervisning, etter og vidareutdanning (NTNU-videre), tilbyr FOLK kurs som gir formell kompetanse:

#### **Drakt og samfunn**

er et delemne som FOLK tilbyr saman med NTNU-videre og Bunad- og folkedraktrådet. Undervisninga er delt mellom eigenstudiar og fire vekesamlingar på Fagernes. Seks kull har gått gjennom emnet, og det sjuande er i gong skoleåret 07/08. Emnet gjev 30 studiepoeng.



### Norsk folkelig dans

tilbyr FOLK i samarbeid med NTNU-videre og Rff-senteret (Rådet for folkemusikk og folkedans). Undervisninga er delt mellom eigenstudiar og fire samlingar i Vågå. Fire kull har gått gjennom emnet og det femte semesteret er i gang. Til saman har rundt 60 studentar delteke i kurset. NU administrerer kurset. Emnet gjev 15 studiepoeng.

### Innføring i norsk folkedans

er også eit samarbeid mellom FOLK, NTNU-videre og Rff-senteret. Sistnemnde administrerer kurset. Undervisninga er delt mellom eigenstudiar og to samlingar i Trondheim. Det er sjuande året dette kurset blir gjennomført. Emnet gjev 15 studiepoeng.

### Anna høgare utdanning

HATS har saman med Høgskolen i Tromsø gjennomført fem kurs på høgare nivå med skodespelarteknikk og teaterproduksjon som emne. Samarbeidet har gått over fleire år. Kursa gjev ikkje studiepoeng.

Vestnorsk kulturakademi har saman med Universitetet i Bergen kurs i emne som matkultur, byggeskikk, handverksteknikkar og lokalkultur. Samarbeidet har gått i fleire år. I 2007 vart det arrangert fire kurs.

	Kurs	Deltakarar	Timar
<b>Delt etter organisasjon</b>			
Folkekulturforbundet	6	77	344
HATS	5	77	105
Vestnorsk Kulturakademi	4	47	361
<b>Delt etter fylke</b>			
Oppland	4	51	284
Sør-Trøndelag	2	26	60
Troms	5	77	105
Hordaland	4	47	361



## Kapitel 6: Prosjekt

### Frivillighetens læringslandskap

Dette er eit svensk/norsk prosjekt støtta av NordPluss. VOFO er prosjekt-koordinator. Avslutting av prosjektet er av ulike årsaker utsett til 2008. Sluttproduktet frå prosjektet blir ein antologi med artikkelbidrag frå forskarar og frå representantar frå frivillige organisasjonar. Tore Friis-Olsen (Forbundet Kysten), Randi Hole (Norges Husflidslag) Synnøve Jørgensen (Noregs Ungdomslag) og Mette Vårdal (FOLK) er involverte i prosjektet. Tema i antologien er direkte knytt opp mot læring i våre organisasjonar, med utgangspunkt i 15 livshistorier.

Artiklane vil bli samla til eit manus som vi kan tilby forlag for trykking og utgjeving. Målgruppa for boka er friviljuge kulturorganisasjonar, studantar, pedagogisk fagmiljø, vaksenopplæringsmiljøet og politikarar.

### Leonardo: From Head to Toe

Leonardo da-Vinci programmet "From Head to Toe" vart avslutta i 2007. Kvar av partnarane har utvikla eit læreprodukt for eit handverk. Dei fleste har laga eit hefte eller ei lærebok, men det er og utarbeidd eit opplegg for nettbasert læring. Faga partnarane har jobba med er broderi, strikk, vev, lærarbeid, glas og smykke. Noreg sitt bidrag er ei bok om veving med handvevar Bjørg Hustad som forfattar. FOLK har hatt prosjektansvaret med Bjørg Vole som prosjektleiar. Prosjektet har si eiga heimeside som ein finn ved å gå inn på [folkekultur.no](http://folkekultur.no)

#### Kva er Leonardo?

Leonardo da Vinci-programmet er EU sitt handlingsprogram for yrkes- og profesjonsutdanning på alle nivå. Programmet arbeidar mot kompetanseheving i offentlege og private verksemdar. Prosjekta som får tilskot frå programmet kan være både innanfor og utanfor det etablerte utdanningssystemet. "From Head to Toe" er eit pilotprosjekt under programmet. Eit pilotprosjekt har som mål å utvikle nyskapande opplæringsprodukt eller -metodar.

### Grundtvig: Inkludering i praksis

FOLK deltok i Grundtvig-prosjektet "Social Inclusion in Action", SIA som vart avslutta i 2007. Prosjektets norske tittel er "Inkludering i praksis". Målet for prosjektet er å endre haldningar og bidra til inkludering i lokalmiljøa. Målet er å få til dette gjennom å lære og utvikle metodar for å motivere både majoritetsdominerte organisasjonar og ulike minoritetar. Målgruppene er etniske minoritetar, funksjonshemma og sosialt marginaliserte grupper og medlemmer av friviljuge organisasjonar, lokalmiljøgrupper og tilsette i institusjonar.



Prosjektet hadde partnarar frå Litauen, Norge, Polen, Slovakia, Slovenia og Storbritannia. Partnarane kom saman i partnarane sine heimland for å lære av kvarandres erfaringar og for å lære "Process-Work"-metoden.

FOLK var prosjektet sin koordinator og prosjektleiar var Trine Thommessen. Kari Skadsem frå Norges Husflidslag var ein av deltakarane i prosjektet. Den første prosjektsamlinga var i Norge i oktober 2005. Den neste var i Polen i mai 2006 og hausten 2006 var det samling i London. I 2007 var det ei samling i Slovenia.

#### Kva er Grundtvig?

EU har eit program for samarbeid om utdanning som heiter Sokrates-programmet. Grundtvig er delprogram under Sokrates med vaksenopplæring som felt. Programmet blir administrert av Senter for internasjonisering av høgare utdanning (SIU). SIU er eit statleg forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet og held til i Bergen. Grundtvig støtter prosjekt der institusjonar og organisasjonar frå ulike europeiske land utvekslar kunnskap og erfaringar. Prosjekta utviklar verktøy som vaksenopplæringa har nytte av.

#### Foreldreringen

I byrjinga av 2007 starta VOFO opp prosjektet Foreldreringen med støtte frå Sosial- og helsedirektoratet. Prosjektet hadde som mål å gjera foreldre meir bevisste på korleis dei fungerer i foreldrerolla, og prosjektet skulle føre til møte- og diskusjonsplassar med utgangspunkt i foreldrerolla.

Pilotringar som skulle prøve ut opplegget vart plukka ut, og Lillesand Husflidslag var ein av dei. Husflidslaget har stått for den praktiske gjennomføringa av handverkskurs for foreldre og barn, og melder om overveldande interesse. I løpet av våren 2008 blir kursmaterieill ferdigstilt av VOFO, og blir tilgjengeleg også for andre.



foto Edle og Asbjørn Larsen

#### Forvaltning og formidling av kulturminne

Vox-prosjektet Forvaltning og formidling av kulturminne starta opp i 2006 og blir avslutta i 2008. Målet med prosjektet er å auke kunnskapen om og forståinga for kulturminnevern i FOLK sine medlemsorganisasjonar. I 2007 vart det helde eit kulturminneseminar. FOLK tok over prosjektansvaret i 2007 og Anne Silje Berg vart prosjektleiar.

Arbeidet med å lage ei nettside som omhandlar kulturminnevern starta i 2007. Førrebuingar til korte informasjonskurs ikring temaet kulturminnevern og eit kulturminneseminar, tok og til i 2007. Det er sett saman ei arbeidsgruppe med fire personar: Tore Friis-Olsen (FK), Magnhild Tallerås (NH), Ingunn Vardøy (FK) og Anne Silje Berg (FOLK).

### Land Life Learning

FOLK deltek saman med VOFO Oppland i det europeiske læringsprosjektet Land Life Learning. Prosjektet er eit Grundtvig II-prosjekt, og er eit læringspartnarskap der deltakarane skal lære meir om samanhengen mellom læring og regional utvikling. Deltakarlanda er Sverige, Portugal, Spania, Island, Norge og Nederland som er koordinator. Deltakarane møtest i deltakarlanda for å lære meir om prosjekttemaet i kvart land, og i 2007 var det samling i Sverige, på Island og i Portugal. Det er Ellen Traaseth, regionkonsulent i VOFO Oppland og Anne Silje Berg frå FOLK som deltek frå Norge. Prosjektet blir avslutta i juni 2008.

### Spor i Norden

Spor i Norden er eit prosjekt med stønad frå Nordplus Voksen. Prosjektet blir avslutta i 2008.

Prosjektet sitt mål har vore å gjøre det enklare for vaksne som etterspør yrkeskompetanse i små handverksfag i Norden å finne og gjennomføre opplæring, å styrke nettverket mellom dei som driv opplæring i Norden og samordne tilbodet deira.

Prosjektgruppa består av Odense tekniske skole og Håndarbejdets Fræmmes Seminarium, Danmark The Occupational Council of Design & Crafts on Iceland og Handverk og Hönnun, Island Sekretariatet for Små og Verneverdige fag (observatør), NHO Håndverk, Kulturringen i Akershus og Folkekulturforbundet, Noreg Stockholms Hantverkförening, Sverige. Nordisk Håndverksforum er prosjektansvarlig.

Prosjektet har arbeidd med å finne kriterium for gode utvekslingsordningar og finne fram til kva for små handverksfag som treng opplæring på nordisk nivå når dei nasjonale tilboda er for dårlege. Enkelte små fag er kartlagt med omsyn til kvar det er mogleg å finne opplæring i Norden, blant anna handvevar, gjørtlar, urmakar, forgyllar og kostymemakar. Eit permanent nettverk for handverksopplæring i Norden vil bli skipa i etterkant av prosjektperioden.

